



Fylkesmannen i  
Hordaland

# FORVALTINGSPLAN FOR NESVIKA NATURRESERVAT

Bergen kommune, Hordaland

Naturkvaliteter, bevaringsmål og forvaltningstiltak



MVA-RAPPORT 1/2015



# FORVALTINGSPLAN FOR NESVIKA NATURRESERVAT

Fylkesmannen i Hordaland

2015

Foto framside: Utsikt over Nesvika frå aust. Foto i heile rapporten: Astrid Bakke Haavik om ikkje andre er nemnt.



|   |  |
|---|--|
| <b>Ansvarleg institusjon:</b><br>Fylkesmannen i Hordaland, miljøvern- og klimaavdelinga   | <b>Rapport nr:</b><br>MVA-rapport 1/2015 |
| <b>Tittel:</b><br>Forvaltingsplan for Nesvika naturreservat:<br>Naturkvalitetar, bevaringsmål og forvaltningstiltak   | <b>ISBN:</b><br>978-82-8060-104-9        |
| <b>Forfattar:</b><br>Astrid Bakke Haavik  | <b>Dato:</b><br>08.04.2015               |
| <b>Samandrag:</b><br><p>Nesvika blei verna som ein del av verneplan for våtmark i Hordaland i 1995. Naturreservatet er oppretta for å ta vare på ein viktig biotop for våtmarksfugl.</p> <p>Denne forvaltingsplanen skal sikre ei langsiktig og kunnskapsbasert forvaltning av vernekvalitetane i Nesvika naturreservat. Det er i tillegg ønskeleg at planen skal vere eit godt hjelpemiddel for grunneigarar og andre interesserte ved at han vil vere rettleiande og utfyllande i høve til dei eksisterande verneforskriftene.</p> <p>Forvaltingsplanen presenterer verneverdiane og mål ved bruk av omgrepa <i>naturkvalitetar</i>, <i>bevaringsmål</i> og <i>forvaltingsmål</i>. Dette er ein metode og innfallsvinkel i naturforvaltninga som skal sikre ei meir presis forvaltning av naturvernområde i Noreg.</p> <p>Hovudmålet for forvaltning av Nesvika naturreservat er at området skal behalde verdien for våtmarksfugl slik han var då verneplan for våtmark blei utreda. Tilstanden i reservatet er i dag ukjent, men truleg dårleg på grunn av attgroing. Det viktigaste tiltaket blir difor å tynne i skogvegetasjon i delar av området for å betre tilhøva for våtmarksfugl.</p> <p>God kunnskapsformidling og informasjonsflyt mellom forvaltninga, brukarar og grunneigarar er eit mål i seg sjølv. Kunnskapen om Nesvika naturreservat skal gjerast tilgjengeleg for ålmenta og utvidast så langt det lar seg gjere.</p> <p><i>Forvaltingsplanen blei vedteken i 2015 og bør rullerast innan 10 år.</i></p> |  |
| <b>Referanse:</b><br><i>Fylkesmannen i Hordaland, 2015. Forvaltingsplan for Nesvika naturreservat. Fylkesmannen i Hordaland, MVA-rapport 1/2015.</i>  |  |
| <b>Emneord:</b><br>Naturreservat, naturkvalitet, bevaringsmål, våtmark, forvaltingsplan   |  |
| Fylkesmannen i Hordaland<br>Miljøvern- og klimaavdelinga<br>Postboks 7310<br>5020 Bergen<br>Tlf. 55 57 22 00, <a href="mailto:postmottak@fmho.no">postmottak@fmho.no</a><br><a href="http://www.fylkesmannen.no/hordaland">www.fylkesmannen.no/hordaland</a><br><a href="http://hordaland.miljostatus.no">http://hordaland.miljostatus.no</a>   |  |



## Kart og nøkkeldata for Nesvika naturreservat



| Vernetidspunkt    | Areal     | Kommune | Forvaltingsstyresmakt:   | Oppsyn                      |
|-------------------|-----------|---------|--------------------------|-----------------------------|
| 15. desember 1995 | 120 dekar | Bergen  | Fylkesmannen i Hordaland | Statens naturoppsyn, Bergen |

### Verneformålet

Føremålet er å frede ein lokalitet med ein velutvikla vassvegetasjon, med trekk- og hekkefunksjon for dykk- og grasender.





## Forord

Vår arealbruk er i dag den største årsaka til at vi tapar biologisk mangfald. Eit viktig ledd i arbeidet med å ta vare på artar er å sikre at våre viktigaste naturområde blir sikra eit varig vern. Å verne område som naturreservat gjer vi for å ta vare på viktige habitat og leveområde for artar, og sikre dei for framtida.

Forvaltingsplanen skal gjere opp status for verneområdet, klargjere og utfylle vernereglane i verneforskrifta. Forvaltningsplanen vil ikkje gje nye avgrensingar ut over verneforskrifta. Det er Fylkesmannen i Hordaland som er forvaltingsstyresmakt i Nesvika naturreservat og som har ansvar for å gjennomføre ein forvaltningsplan.

Det er Astrid Bakke Haavik ved klima- og miljøvernavdelinga til Fylkesmannen i Hordaland som har utarbeidd forvaltningsplanen.

Oppstartsmelding blei sendt til grunneigarar, aktuelle offentlege etatar og lokale lag og organisasjonar. Det kom fem innspel til oppstarten. Fylkesmannen har møtt fleire av grunneigarane på synfaringar i området. Vi ønskjer å takke alle som har bidrege med bakgrunnsinformasjon til utarbeiding av forvaltningsplanen.

Framlegg til forvaltningsplan blei sendt på høyring med frist for å komme med innspel 2. februar 2015. Det kom inn fire innspel til forvaltningsplanen og alle desse blir omtalt i utsendingsbrevet.

Den godkjente forvaltningsplanen bli sendt til grunneigarane og han vil vere tilgjengeleg på Fylkesmannen sine heimesider.

Bergen, april 2015

Kjell Kvingedal  
fylkesmiljøvern sjef



# Innhold

## FORORD

## INNHALD

|           |  |           |
|-----------|--|-----------|
| <b>1.</b> | <b>INNLEIING .....</b>                           | <b>1</b>  |
| 1.1.      | NATURMANGFALDLOVA .....                          | 1         |
| 1.2.      | OM FORVALTINGSPLANEN .....                       | 1         |
| <b>2.</b> | <b>VÅTMARK.....</b>                              | <b>2</b>  |
| 2.1.      | VERDIAR I VÅTMARK .....                          | 3         |
| <b>3.</b> | <b>STATUS .....</b>                              | <b>5</b>  |
| 3.1.      | KUNNSKAP .....                                   | 5         |
| 3.2.      | NATURTILHØVE .....                               | 5         |
| 3.1.      | FRAMANDE ARTAR .....                             | 7         |
| 3.2.      | INNGREPSSTATUS .....                             | 8         |
| <b>4.</b> | <b>BRUKARINTERESSER .....</b>                    | <b>10</b> |
| 4.1.      | FERDSEL OG FRILUFTSLIV .....                     | 10        |
| 4.2.      | LANDBRUK .....                                   | 10        |
| <b>5.</b> | <b>FORVALTING AV NESVIKA NATURRESERVAT .....</b> | <b>11</b> |
| 5.1.      | TRUSLAR MOT VERNEVERDIANE .....                  | 12        |
| 5.2.      | FORVALTINGSMÅL .....                             | 13        |
| 5.3.      | BEVARINGSMÅL .....                               | 13        |
| 5.4.      | PLANLAGTE TILTAK OG SKJØTSEL .....               | 14        |
| 5.5.      | SAKSHANDSAMINGSRUTINER .....                     | 16        |
| 5.6.      | OPPSYN I VERNEOMRÅDET .....                      | 17        |
| <b>6.</b> | <b>LITTERATUR .....</b>                          | <b>18</b> |
| <b>7.</b> | <b>VEDLEGG.....</b>                              | <b>19</b> |
| 7.1.      | VERNEFORSKRIFT .....                             | 19        |
| 7.2.      | NATURTYPER OG ARTSMANGFOLD (KART) .....          | 22        |
| 7.3.      | § 47 I NATURMANGFALDLOVA .....                   | 24        |
| 7.4.      | § 48 I NATURMANGFALDLOVA .....                   | 24        |



# 1. Innleiing

Nesvika blei verna i 1995 som ein del av verneplan for våtmark. Føremålet med vernet er å verne eit område med velutvikla vassvegetasjon som har verdi for trekkande og hekkande dukkender og grasender. Naturreservatet er oppretta for å ta vare på ein viktig biotop for våtmarksfugl. Verneområdet omfattar ei vik i Haukelandsvatnet, aust i Bergen kommune. Her ligg vika i eit landbruksområde i drift, med spreidd busetnad rundt.

## 1.1. Naturmangfaldlova

Det følgjer av naturmangfaldlova § 7 at dei miljørettslege prinsippa i §§ 8-12 skal ligge til grunn som retningsliner ved utøving av offentlig mynde, og at det skal gå fram av avgjerda korleis prinsippa er vist omsyn til og lagt vekt på.

Etter naturmangfaldlova § 8 skal avgjerder som vedkjem naturmangfald så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om artar sin bestandssituasjon, utbreiing og naturtypar sin økologiske tilstand, samt effekten av påverknader. Ein skal leggje vekt på kunnskap som er basert på generasjoners erfaringar gjennom bruk av og samspill med naturen.

Kunnskapsgrunnlaget som ligg til grunn for retningslinene i forvaltingsplanen er skildra i kapittel 3 i forvaltingsplanen. Fylkesmannen meiner kunnskapen som ligg til grunn for retningslinene i planen er tilstrekkeleg til å vurdere verknader på naturmangfaldet, og føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 får difor liten vekt.

Det er utarbeidd nærare bevaringsmål for ulike naturkvalitetar som grunnlag for overvaking av naturtilstanden i området. Dette vil gi eit styrka grunnlag for å kunne vurdere samla belastning av ulike aktiviteter og tiltak i verneområdet, jf. naturmangfaldlova § 10.

Forvaltingsplanen er tufta på verneforskrifta. Vernereglane skildrar målet med vernet og kva som er forbode og lovleg. Vernereglane er ikkje utdjupande og eventuelle skjøtselstiltak for å fremje verneformålet er ikkje omtalt.

## 1.2. Om forvaltingsplanen

Ein forvaltingsplan presiserer vernereglane og har fleire andre formål, der desse er dei viktigaste:

- Gje grunneigarane og andre brukarar konkrete retningsliner for korleis forvaltningsstyresmakta vil praktisere vernereglane, og der målet er å klargjere i kva grad tradisjonell bruk av område kan halde fram samstundes som verneføremålet blir ivareteke
- Gje eit oversyn over dei viktigaste oppgåvene ved forvaltning av området og korleis desse bør prioriterast. Døme på slike oppgåver er skjøtsel (for å oppretthalde natur- og kulturtilstand), tilrettelegging av informasjon, oppsyn og forskning/undervisning

Dei miljørettslege prinsippa vil også bli vurdert i samband med forvaltings- og skjøtselstiltak, og ved søknader om dispensasjon frå vernereglane.

## 2. Våtmark

Våtmark omfattar ei rekke naturtypar i grensesona mellom land og vatn, som innsjøar, tjern, sumpområde, myrar og gruntvassområde i sjøen. Våtmarkene er ofte spesielt produktive system med stort mangfald av planter, insekt og fuglar. Historisk sett har alle våre store sivilisasjonar vore bygd opp rundt våtmarksområde (t.d. Mesopotamia og Egypt). Ingen andre naturtypar som har vore meir omforma av menneskeleg aktivitet. Våtmarkene er særleg nytta til landbruksføremål, eller dei blir drenerte og bygd ut med vegar, bustader eller industriområde. Difor er våtmarkene no blant verdas mest trua økosystem. Våtmarker er ein viktig del av vatnets kretsløp frå det fell som nedbør til det endar opp i havet. Elvar, innsjøar, sumpområde og myrar har stor kapasitet til å halde igjen vatn ved mykje nedbør og bidreg difor til å redusere eller hindre flaum. På same måte er våtmarkene kjelder til vatn i tørre periodar. Noreg har ein stor variasjon i våtmarker. På grunn av topografi er dei fleste våtmarkssystema her små, men desto rikare på variasjon og mangfald.

---

«Våtmark er eit vidfamnande omgrep, men kan definerast som alle overfløynde eller vassmetta område, naturlege som kunstige, permanente, midlertidige, stillestående eller rennande, med ferskt, brakt eller salt vatn.»

*Frå verneplan for våtmark i Hordaland*

---



Figur 1: Utsikt over Nesvika frå utlaupet på elva.

Nokre stader har innsjøar blitt seinka og våtmarker drenerte for å auke landbruksarealet, i tillegg er mange påverka av eutrofiering. Begge desse inngrepa fører til auka alge- og plantevekst og akselerert attgroing. Norske våtmarker er generelt så næringsfattige at ein svak eutrofiering kan vere positivt, særleg for våtmarksfugl. Grunnen til dette er at det aukar planteproduksjonen og produksjon av virvellause dyr, som er hovudføda til mange våtmarksfuglar. For mykje næringsaltar i våtmarka fører til kraftig plantevekst. Nedbryting av dødt plantemateriale og bløming av algar eller blågrøne bakteriar kan føre til oksygenmangel i vatnet, fiskedød og andre uheldige biverknader. Naturleg næringsrike våtmarker er det ikkje så mykje av hos oss.

---

**Eutrofiering (frå gresk næringsrik) er auka planteproduksjon forårsaka av auka tilførsel av næringsaltar, som fosfor og nitrogen. Det er ein utprega og hyppig ureiningsform, forårsaka av blant anna kloakkutslipp og avrenning frå dyrka mark.**

**Motsetnaden er oligotrof, som er ei nemning for næringsfattige vatn.**

---

## 2.1. Verdier i våtmark

Våtmarkene har mange andre viktige funksjonar i naturen. Dei er viktige for vasshushaldet i naturen ved at dei jamnar ut variasjon i nedbør og avrenning. Samtidig har dei stor reinseeffekt på vatn, sidan vatnet får lengre opphaldstid og partiklar kan sedimentere og plantene tek opp næringsstoff som kjem med vatnet. Det er stor produksjon av plantemateriale som dannar grunnlag for eit rikt og variert dyre- og fugleliv. På grunn av dette er mange artar av planter og dyr spesialiserte til å leve i særlige våtmarkssystem. Våtmarkene er viktige landskapselement, både for dyr og menneske. Vi set stor pris på elvar og opne vassflater, og dei er viktige for rekreasjon og som estetiske element.

Hovudføremålet med verneplan for våtmark i Hordaland var å ta vare på dei våtmarkene som hadde særleg verdi for fuglar. Ein såg at våtmarksfugl hadde fått redusert tilgjengelege leveområde på grunn av menneskelege inngrep. Difor vart det naudsynt å verne om dei viktigaste våtmarksområda for fugl. Våtmarker er svært viktige for fleire spesialiserte fuglegrupper. Som oftast er det slik at område som har høg produksjon av planter og virvellause dyr også er rike på fugl. Men nokre fugleartar føretrekk næringsfattige vatn. Fugl kan bruke våtmarksområde til hekking, rasting, fjørfelling og overvintring. Mange fugleartar er avhengige av våtmarker gjennom heile året, men dei kan gjerne forflytte seg og bruke ulike typar våtmark gjennom året. Dei kan til dømes hekke på myrer eller ved skogstjern, raste i frodige sump- og strandområder på trekket og overvintre på eller ved sjøen. Det er som sagt stor rikdom på våtmarker i Hordaland, men dei aller fleste er små. Difor er det ikkje store mengder med fugl i kvart einskilde område. Men til saman utgjer områda stort nok areal til å huse bestandar. Forvaltning av fugl i våtmark krev slik sett ein heilskapstenking som også går utover dei verna områda. Det er eit nasjonalt miljømål at naturlege våtmarker skal takast vare eller bli restaurert innan 2020<sup>1</sup>.

---

<sup>1</sup> Prop. 1 S (2013-2014) frå Miljøverndepartementet for budsjettåret 2014

Flyfoto frå Nesvika viser tydeleg korleis landskapet har endra seg frå 1951 (nedst til høgre) og fram til 2009 (til høgre). Haukelandsvatnet blei seinka i 1953 og dette har hatt store konsekvensar for Nesvika. Utløpet til Haukelandsvatnet har minska til ein smal kanal og tidlegare innsjøbotn er tilgrodd med sumpvegetasjon og tre.



24.06.2009



12.08.2008



30.06.2005



04.09.1993



15.05.1980



04.06.1970



25.05.1951



## 3. Status

### 3.1. Kunnskap

Vurderingane i denne forvaltingsplanen er basert på ulike kjelder. Først og fremst ligg forarbeidet til vernet og verneplanen til grunn. Biofokus kartla naturtypene i Nesvika i 2011. Fugleregistreringar er henta frå Artsobservasjoner.no, Norsk ornitologisk foreining, tilbakemeldingar frå grunneigarane og egne observasjonar. I tillegg har vi hatt fleire synfaringar i området. Kunnskapsgrunnlaget er godt nok til å lage ein forvaltingsplan, men vi skulle gjerne ønskje at tilstanden til fleire organismegrupper, slik som evertebratar, var betre kjent.

### 3.2. Naturtilhøve

#### *Vatn og geologi*

Nesvika er ein del av Haukelandsvatnet, som er ein middels stor innsjø på Vestlandet, med klart og kalkfattig vatn. Haukelandsvatnet er om lag 0,75 kvadratkilometer og vatnet ligg 72 meter over havet. Totalt tilsigsareal er på 15,2 kvadratkilometer, der 2,75 kvadratkilometer er frå dyrka mark. Vatnet er påverka av næringstilsig frå jordbruk, men ikkje så mykje at det er negativt for vasskvaliteten. I prøver av vatnet er det funne for mykje av miljøgiftene krom, kopar og sink, desse stoffa kan vere skadelege for livet i vatnet. Sjølve Nesvika er eit grunt vegetasjonsrikt vatn med ein smal kanal som bind vatnet saman med sjølve Haukelandsvatnet. Før 1950 var vasstanden høgare og dei to vassmassene hadde betre kontakt.

#### *Vegetasjon*

Mellom vatnet og jordbruksareala veks det eit band med sumpvegetasjon med spreidde tre og buskar. Her veks det kjempesøtgras, flaskestorr, strandrøyr og sennegras, og i dei fuktigare partia kan vi finne dikeminneblom, bekkeblom, evjesoleie, elvesnelle, gulldusk og dikevasshår. Langs heile vestsida av vika er det eit belte med tre, hovudsakleg bjørk. På holmen har det grodd til med småbregnefuktskog med bjørk. På neset vest for vika er det parti med småbregnefuktskog og sandflomskog, der det er noko innplanta sitkagran. Bjørk og selje dominerer, bjørnemose og palmemose veks i botnsjiktet. Ytst mot sundet er det ein myrkant, der det veks noko bjørk og vier. Skogen aust for sundet består for det meste av ung småbregneskog med noko innslag av eldre tre som ask og osp. Delar av området er prega av attgroing, truleg på grunn av senking av vasstanden og opphøyr av beite.



Figur 2: Vest i Nesvika er det større areal med fuktig storrvegetasjon.

### **Dyreliv**

På vernetidspunktet hadde området størst verdi for dukkender og grasender. Grasender søker etter næring på grunt vatn i vegetasjonsbeltet rundt vika. Stokkand og krikand plasserer reira sine på bakken rett ved vatnet, godt skjult i vegetasjonen eller under tette buskar. Dukkendene beitar på vassvegetasjon på djupare vatn, særleg om hausten fram til isen legg seg. I dei seinare åra har Nesvika også fått ein funksjon for overvintrande songsvaner. Desse er avhengige av ope vatn for å beite om vinteren. Det er registrert 68 artar av fugl i reservatet frå 1994 til 2014. Dei fleste av desse har bare vore innom på næringssøk og trekk og hekkar ikkje i verneområdet. Våtmarkslokalitetar som Nesvika må uansett sjåast i nær samanheng med dei kringliggande områda for å sjå dei funksjonelle leveområda til fuglane. Våren 2014 var det registrert 4 hekkande par med vipe på jordbruksland som grensar til reservatet. Vipene er sterkt knytte til jordbrukslandskapet, men nyttar også våtmarka. Hekkefunn frå sjølve verneområdet inkluderer strandsnipe, raudstilk, buskskvett, sivsongar og sivspurv.



Figur 3: Vipe er ein art knytta til jordbruksareal og våtmark som h r g tt sterkt tilbake dei seinare  ra. I Nesvika er det observert vipe p  n rliggande jordbruksareal (Foto: Magnus Johan Steinsv g).

Aure og mest sannsynleg trepigga stingsild finst naturleg i Haukelandsvatnet, men det er ogs  sett ut gjedde og truleg abbor. Etter at det blei bygd laksetrapp i Arnaelva, er det no mogleg   f  laks opp i Haukelandsvatnet. Sjøauren har alltid klart   komme seg opp til Haukelandsvatnet utan hjelp.

Det er ikkje kjent om Nesvika har stor verdi for andre dyregrupper. Hjorten kan nok beite i vasskanten her og flaggermus er avhengige av rike v tmarker til   jakte insekt og f  tak i vatn. Det er observert mink i vika. Insektlivet er ikkje studert, men det er truleg rikt, p  grunn av at vatnet er passe n ringsrikt.

### 3.1. Framande artar

Det st r eit lite felt med planta sitkagran p  odden vest for sundet inn til Nesvika. Desse st r innafor vernegrensa. Sitkagran er ein framand art som har stor negativ effekt i v re  kosystem (Artsdatabanken, Vurdering av framande artar i Noreg, 2013). P  lang sikt  nskjer vi   fjerne b de planta og fr spreidd sitka fr  alle v re verneomr de. Dette er fordi sitka spreier seg lett i fuktig mark og endrar milj et kraftig der han veks.

Det er sett ut b de gjedde og abbor i Haukelandsvatnet. Begge desse fiskeartane er ikkje naturleg tilh yrande dei vestlandske vatna. Dei f rer til endringar i fauna og vegetasjon i innsjøen, som igjen kan p verke fuglar som lever av dyr og planter i innsjøen. Vi har ikkje

undersøkt om det har vore negative effektar av fiskeutsettingar i Nesvika naturreservat. No er det økonomisk og praktisk urealistisk å få fjerna desse fiskeartane frå Haukelandsvatnet.



Figur 4: På odden vest for sundet inn til Nesvika står det i dag eit lite plantefelt med sitkagran. Dette ønskjer vi å fjerne, både av omsyn til vassfugl og fordi grana er ein framand art som ikkje høyrer til her. Sitka kjem opphavleg frå vestkysten av Nord-Amerika, men har blitt planta til skogbruksføremål over heile landet.

## 3.2. Inngrepsstatus

### Kraftline over Nesvika

I dag går det ein kraftline gjennom naturreservatet ved sundet mellom Nesvika og resten av Haukelandsvatnet. Det er observert ved fleire høve at vassfugl har kollidert med leidningane her og døydd. Svanar er tunge fuglar og bruker lang tid på å vinne høgde i flukten, samtidig som dei har høg fart og lite moglegheit for å navigere utanom hinder som berre er synlege på kort hald. Lina utgjer difor eit vesentleg faremoment for dei. Det er ikkje gunstig for verneverdiane at kraftlina ligg slik han gjer i dag. Når kraftlina skal oppgraderast eller fornyast bør det bli vurdert alternative trasear som vil vere mindre til ulempe for fugl som flyg inn og ut av området.



Figur 5: Kartet viser kraftlina som ein gul stripe over sundet. Slik lina ligg i dag er det stor risiko for at vassfugl som vil fly inn og ut av reservatet kolliderer med kraftlina.

### Bossdeponiet i Neset

Aust for naturreservatet, på eigedom 290/8 ligg det ein gamal kommunal bossfylling. Her blei hushaldningsavfall og verkstadsavfall frå småindustri hive frå 1959 til 1977 og i alt ligg det 120 000 kubikkmeter med avfallsmassar på eit areal på rundt 40 dekar. Jorda blir i dag drive som overflatedyrka mark (graseng). Bergen kommune har planar om å dekke til deponiet for å hindre at graset som blir dyrka der blir forureina. Kommunen gjennom Grøn Etat har laga ein tiltaksplan der dei skisserer å dekke til avfallet frå det gamle deponiet med ein geotekstil og 0,7 meter masse. Det er mistanke om at avrenninga frå bossfyllinga til vatnet er større enn ein har trudd tidlegare. Difor har det mellom anna kome forslag om å gjere ein enda grundigare sanering der massane som ligg i ein tredve meters grense mot vatnet blir gravne opp og å lage eit system for å samle forureina overflatevatn før det når innsjøen.

Slik vi ser det vil eit slik tiltak om det tek omsyn til verneverdiane ikkje vere negativt på nokon måte for reservatet. Det er Bergen kommune som har ansvar for å sikre deponiet. Det er ikkje påvist at deponiet har store skadeverknader på reservatet, men noko negativ påverknad er det sjølv sagt. Det er likevel usikkert om denne påverknaden har mykje å sei i forhold til dei andre påverknadene våtmarksfuglar får i resten av livssyklusen. Den største påviste negative effekten frå avfallsdeponiet er på graset som blir dyrka på arealet. Vi stiller oss ikkje negative til ein tildekking med friske massar, så lenge ein gjennom arbeidet viser tilstrekkeleg omsyn til naturverdiane. Blant anna ved å hindre avrenning og sikre ein god overgang ned mot vatnet og vernegrensa.

## 4. Brukarinteresser

### 4.1. Ferdsel og friluftsliv

Det er i dag ikkje mykje ferdsel i området. Nokre fritidsbåtar og kajakkar kjem inn i vika frå Haukelandsvatnet. Det er få turgåarar som kjem hit, fordi vika ligg omkransa av dyrka mark. Det er planar om å lage ein sti ned til vatnet langs dyrka mark til utløpet av elva.

Grunneigarar som grenser til Haukelandsvatnet berre i Nesvika har bedd om å få permanent løyve til å legge ein båt i vasskanten. Dette ser vi ikkje på som noko problem for verneføremålet sidan det berre vil vere snakk om ein båt. Alle grunneigarar som også har strandline utanfor reservatet må prioritere å sjøsette båtar derifrå. Slik vil vi avgrense påverknaden frå ferdsel i strandsona i samband med utsetting og ilandføring av båt.



Figur 6: Sundet inn til Nesvika er trangt og grunt.

### 4.2. Landbruk

#### *Tidlegare bruk*

Rundt Nesvika er det jordbruksland. Det har vore drive med jordbruk på Unneland i over tusen år, med kjent busetnad frå 800-talet og framover. Tidlegare var det eit viktig mjølkedistrikt med eige meieri på Haukeland. Vatnet har vore brukt til fiske og ishenting.

#### *Status i dag*

Jorda er framleis i drift rundt Nesvika og brukast til beite og grasproduksjon. Drifta er ikkje meir enn middels intensiv no og dette har nok positive effektar på vasskvaliteten i Nesvika.

Det går ei elv og ei ope grøft inn til vatnet frå aust. Dette er klare og lite påverka av næringstilsig, men det har nok vore periodar tidlegare med vesentleg meir landbrukspåverknad og næringstilsig til vatnet. Jorda er grøfta og det går også ein del bekkar i rør under innmarka og ut i Nesvika. Dette grøftene er det opna for å kunne vedlikehalde gjennom verneforskrifta. Fylkesmannen vil likevel gjerne bli varsla før ein byrjer på eit slik tiltak. På den måten får vi oversikt over kva som skjer i reservatet. Det er nok å sende ein kort e-post eller ta ein telefon til ein sakshandsamar med kor ein har tenkt å drive vedlikehaldet.

### **Vedlikehald av grøfter**

Jordene rundt Nesvika, særleg på austsida, ligg lågt og er difor avhengige av drenering for å kunne drivast. Det går også nedgravne veiter og bekker i røyr ned til vatnet. Slike innretningar krev jamleg vedlikehald for å fungere.

Forskrifta seier:

V: Reglane i kap. IV er ikkje til hinder for:

2. Vedlikehald av grøfteavlaup som er lagt ned tidlegare, og som drenerer tilgrensande jord- og skogbruksarealer, etter at forvaltningsstyresmakta er varsla.

Verneforskrifta opnar for vedlikehald av eksisterande grøfteavlaup, etter at forvaltningsstyresmakta er varsla. Grunnen til at forvaltningsstyresmakta skal varslast er for å legge til rette for at viktige verneverdiar ikkje blir skadelidande under sjølve grøftingsarbeidet. I Nesvika gjeld dette særleg å hindre unødig uroing for fuglar i hekketida. Vi vil rå ifrå å grave opp grøfter og gå unødig i området i perioden frå 1.april til 1.august. I denne perioden er andefuglane ofte ekstra vare for uroing og dei bruker også mykje energi på egglegging og ruging.

- ➔ Om du vurderer å starte vedlikehald av gamle grøfter inn i reservatet så ta ein telefon til Fylkesmannen eller send ein e-post slik at vi er underretta før arbeidet tek til.

## **5. Forvaltning av Nesvika naturreservat**

Det er Fylkesmannen ved miljøvern- og klimaavdelinga som er forvaltningsstyresmakt i Nesvika naturreservat. Forvaltningsstyresmakta har ansvar for å forvalte verneområdet i tråd med verneføremålet og gjere avbøtande tiltak om verneverdiane blir trua. Miljødirektoratet har laga eit rundskriv med retningsliner for sakshandsaming av søknader om dispensasjon frå verneforskrifta. Alle søknader om dispensasjon skal vurderast etter miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12. Klima- og miljødepartementet har laga ein rettleiar til dette kapittelet.

## 5.1. Truslar mot verneverdiane

### Attgroing

Føremålet med vern i Nesvika er å primært å skape gode tilhøve for dukkender og grasender. Desse fuglane treng god oversikt over landområda rundt vatnet for å føle seg trygge. Attgroing med tre og buskar kan difor hindre at endene brukar vatnet på grunn av hindra sikt. Rundt Nesvika har det no vakse ein del skog. Historisk sett er det nok lenge sidan vasskanten har vore så tresett som no, fordi folk har slått og husdyr har beita heilt ned i vasskanten. I tillegg har seinking av vasstanden i Haukelandsvatnet midt på 1950-talet ført til at eit større areal er tresett enn før. Så lukka som vasskanten er i dag, gjer det Nesvika mindre eigna som tilhaldsstad for dukkender og grasender.

### Forureining

#### *Landbruk og kloakkutslepp*

Det går ei elv og ei ope grøft inn til vatnet frå aust. Desse er klare og lite påverka av næringstilsig, men det har nok vore periodar tidlegare med vesentleg meir landbrukspåverknad og næringstilsig til vatnet. Det er ein del spreidde utslepp frå kloakk frå husstandar rundt Haukelandsvatnet. Desse kan påverke vasskvaliteten, men det er ikkje dokumentert nokon store utsleppskjelder. Rådgivende Biologer AS målte nivået av næringsaltar i vatnet hausten 2014, etter ein stor bløming av blågrøne bakteriar, Dei fann veldig høge verdiar av fosfor og nitrogen. Det er behov for ein nærare gjennomgang av miljøtilstanden og moglege forureiningskjelder i Haukelandsvatnet etter desse funna. Bergen kommune planlegg å starte med ei undersøking av vasskvaliteten i 2015. Det er ikkje sikkert kor stor vassutvekslinga er frå Haukelandsvatnet og inn i Nesvika og om vasskvaliteten er lik her.

#### *Avfallsdeponi*

Nesvika er utsett for avrenning frå deponimassene på Neset. Det er ikkje målt urovekkande høge nivå av giftstoff i vatnet, men det er heller ikkje tvil om at deponiet har ein effekt både på miljøet og vasskvaliteten i naturreservatet. Ein var klar over ulempene med deponiet på vernetidspunktet, men Fylkesmannen har verken råderett eller midlar til å gjennomføre tiltak for eit slikt deponi når det ligg utanfor vernegrensa. Bergen kommune, som har ansvar for arbeidet med å minimere skadane frå gamle avfallsdeponi har laga ein tiltaksplan for alle slike deponi i Bergen. Då desse deponia blei oppretta kjente vi ikkje godt nok til konsekvensane av avfallshandteringa. Ideelt sett burde alle forureina massar vore grave opp og handsama etter moderne prosedyrar, men dette er svært kostbart. I tillegg kan graving føre til auka utslepp av miljøgifter til nærliggande areal og store punktutslepp. Neset avfallsdeponi er tilrådd dekkta til med ein tett duk og friske massar oppå. Tildekking vil hindre lekkasje av farlege stoffar opp i plantevekst på jorda, men vil berre i mindre grad hindre diffus lekking av stoffar til grunnvatnet og innsjøen. Slik deponiet no har lege sidan det blei oppretta har det heile tida strøyma regnvatn gjennom massane og dette har rent vidare ut i grunnvatnet, Unnelandselva og ut i Nesvika. Vi kan rekne med at det difor har vore ein straum av meir eller mindre giftige stoff som kontinuerleg har blitt vaska ut i vatnet. Med tida vil konsentrasjonen av desse stoffa bli mindre, både i massane og i avrenningsvatnet. Når vi no ikkje ser klare teikn til



forureining i sjølve vatnet vil nok det beste for avrenninga sin del vere å ta tida til hjelp. Ofte kan ein gjere meir skade enn godt ved å forstyrre massane i slike gamle deponi. Dette gjeld særleg om massane blir forstyrra og grave opp i vasskanten. Dette kan virvle opp massar og forureina sediment og føre til akutte utslepp med store negative følgjer. Vi kjenner ikkje godt nok til konsekvensane ved fjerning av massane i Nesvika per i dag. Det er viktig at alle konsekvensar for reservatet blir vurderte i ein prosess for å sikre deponiet for framtida. § 49 i naturmangfaldlova legg opp til at alle må vise omsyn ved aktivitetar som kan få negative følgjer for verna område.

## 5.2. Forvaltingsmål

Forvaltingsmål beskriv korleis vi ønskjer at Nesvika naturreservat skal vere.

### ❖ **Vi ønskjer at Nesvika skal vere eit godt leve- og hekkeområde for fugl knytt til våtmark.**


Det er også skildra nokre mål for dei aktivitetane som brukarinteressene fører med seg i verneområdet. Desse er skildra under kvart avsnitt i kapittelet under og oppsummerte her.

- Ferdsel i tilknytning til verneområdet er velkome, men ferdsla må ikkje gå ut over verneverdiane.
- Landbruksdrift på kringliggande areal er positivt og med rett drift vil reservat og jordbruksareal saman auke heile Unneland sin verdi for fugl.

## 5.3. Bevaringsmål

Bevaringsmål definerer den tilstanden vi ønskjer at naturkvalitetane i eit verneområde skal ha. Dei skal vere konkrete og målbare og skal presiserast gjennom mål for areal, naudsynte strukturar og prosesser og førekomsten av bestemte artar. For å få etablert ei meir heilskapeleg forvaltning av området i framtida er det ønskjeleg med ytterligare kartlegging av viktige naturkvalitetar.

Overvaking av verneverdiane i Nesvika vil ta utgangspunkt i naturtypekartlegging som blei gjort i området i 2011. då var det landområda i våtmarka som blei grundig kartlagt.



Figur 7: Kart som viser dei kartlagte naturtypeane i Nesvika. Størstedelen av området er ulike mosaikkar med våtmarksvegetasjon. Etter Biofokus sin rapport frå 2012, samanlikn med vernekartet først i forvaltingsplanen for å sjå kor vernegrensa går.

#### 5.4. Planlagte tiltak og skjøtsel

Det er opna for å drive skjøtsel i verneområdet for å oppretthalde verneføremålet jamfør naturmangfaldlova § 47. Der er det skildra korleis Fylkesmannen skal, om mogleg, inngå avtale med grunneigarane om å gjennomføre skjøtselstiltak. Det er i utgangspunktet lagt opp til at grunneigarane skal få moglegheit til å gjennomføre skjøtselstiltak. Tilstanden på vernetidspunktet blir sett som ei grense eller eit mål på ønska naturtilstand. Om det er økonomiske fordelar ved eit skjøtselstiltak, vil desse fordelane gå til grunneigar eller rettighetshavar. Til dømes ved fjerning av skog vil alt trevirke, anten det er ved eller tømmer, tilfalle grunneigar. I verneplan for våtmark i Hordaland frå 1991 er det kommentert at det må haldast auge med eutrofieringsgrad og vasskvalitet i Nesvika. All skjøtsel og tiltak som blir planlagt i reservatet har føresetnad at det blir finansiert. Alle tiltak i verneområde i Noreg blir tildelt midlar gjennom ein felles pott frå Miljødirektoratet årleg.

#### Tynning av skogen

For å oppretthalde Nesvika sin funksjon for dukkender og grasender er det naudsynt å gjere noko tynning i skogen som veks rundt vatnet. Noko av skogen ligg innafor vernegrensa, andre delar ligg utanfor. Treveksten langs vasskanten byrja nok då vasstanden i Haukelandsvatnet blei seinka og har auka ettersom strandsonen ikkje blir beita og slått. Fylkesmannen ønskjer å opne opp nokre parti av trevegetasjonen langs nordre delen av vika og på neset ut mot Haukelandsvatnet. Hovedpoenget med hogsten er å fjerne gran og opne siktliner for vassfugl

som ligg på vatnet. Det er i § 47 i naturmangfaldlova og punkt VII i verneforskrifta opna for at Fylkesmannen kan gjennomføre skjøtselstiltak for å oppretthalde verneverdiane i området. Attgroinga i Nesvika har føregått sidan vatnet blei seinka på 50-talet. Grunnlaget for vern er basert på observasjonar av fugl i området på 70- og 80-talet. Difor reknar vi med at verdiane i området allereie var negativt påverka av attgroing på vernetidspunktet.



Figur 8: Flybildet frå 1993 over til venstre er det næraste vi har ein konkret tilstandsvurdering frå vernetidspunktet. Her ser vi at det allereie er ein del skogvekst. Det generelle bilete er likevel ei opnare strandsone langs nord- og vestsida av vika. Tangen ut til sundet er også vesentleg meir attgrodd no enn då området blei verna. Her er det ønskeleg å opne opp for å sikre fri sikt for fuglane. I tillegg er det planta eit lite felt med sitkagran ute på tangen som Fylkesmannen ønskjer å fjerne før dei byrjar å spreie seg i naturreservatet.



Figur 9: Dei skraverte områda på kartet viser kor vi prioriterer å rydde vegetasjonen i første rekkje.

## Tabell over planlagte tiltak

| Tiltak  | Utført av         | Kostnad          | År                      |
|---|-------------------|------------------|-------------------------|
| <b>Registrere framande artar</b>                    | SNO               | Løpande verksemd | Alle                    |
| <b>Undersøke vasskvalitet og landbruksavrenning</b> | Ekstern konsulent | 50 000           | 2015-2017               |
| <b>Rydde tre langs vatnet etter nærare plan</b>     | SNO og lokale     | 50 000           | 2015-2020               |
| <b>Vurdere attgroing og ev. tiltak</b>              | FM og SNO         |                  | I løpet av planperioden |
| <b>Kartlegge ureining frå deponi</b>                | Ekstern konsulent | Om finansiering  | I løpet av planperioden |

### 5.5. Sakshandsamingsrutiner

Det er Fylkesmannen ved miljøvern- og klimaavdelinga som er forvaltningsstyresmakt i Nesvika naturreservat. Alle aktivitetar i naturreservatet som ikkje er direkte heimla i verneforskrifta krev ei tillating frå Fylkesmannen. Då må ein sende ein søknad, der ein grunngjer behovet for tiltaket og kva verknader det kan ha på omgjevnadene. Forskrifta listar opp nokre tiltak som kan søkast om (t.d. merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stiar). Alle andre aktuelle tiltak må handsamast etter ein generell heimel.

Fylkesmannen har også ei rettleingsplikt når det gjeld verneområdet. Difor kan Fylkesmannen kontaktast om ein lurar på om ein treng søknad eller korleis ein sender søknad.

I følge naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i lova sine §§ 8 – 12 leggest til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde. Prinsippa skal og nyttast ved utarbeiding av forvaltningsplanar, og det skal komme fram i planen korleis det er tatt omsyn til desse prinsippa og korleis dei er vektlagt.

#### Generell dispensasjon etter § 48 i naturmangfaldlova

Då naturmangfaldlova tok til å gjelde i 2009, blei alle verneforskriftene som var vedtekne etter eldre lovverk vidareført, bortsett frå eitt punkt. Den generelle dispensasjonsheimelen som finst i verneforskriftene (for Nesvika naturreservat, kap. VIII), har blitt erstatta av § 48 i naturmangfaldlova (sjå vedlegg). Dette betyr at søknad om dispensasjon for tiltak som ikkje fell inn under ein spesifisert dispensasjonsheimel i verneforskrifta skal handsamast etter reglane i § 48. Paragrafen er til for dei tilfella der det planlagde tiltaket tydeleg ikkje har blitt vurdert som ei problemstilling då området blei verna. I tillegg skal paragrafen plukke opp tilfelle av stor (nasjonal) samfunnsverdi, som elles ikkje ville bli tillate.

#### Sakshandsaming av dispensasjonssaker

Søknader om dispensasjon frå verneforskrifta skal vere skriftlege og sendast til Fylkesmannen i Hordaland. Om det er tiltak som krev tillating frå andre lovverk (t.d. motorferdsellova) må

ein sende søknad til kommunen som forvaltar det gjeldande lovverket. Søknaden må innehalde ei vurdering av miljøretrsprinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12.

Ved vurderingar av søknader skal bakgrunnen for at verneområdet blei oppretta (verneføremålet) leggest stor vekt. Dersom det er uvisse rundt kva verknadar eit tiltak kan få for naturmiljøet/verneverdiane, vil føre-var-prinsippet bli tillagt stor vekt, særleg dersom det er snakk om moglege irreversible verknader.

Når det blir gitt løyve til tiltak eller aktivitetar i eit naturreservat, blir det vanlegvis knytt vilkår til løyvet. Skriftleg løyve skal ein ha med seg ved gjennomføring, for å vise til på førespurnad. Fylkesmannen vil ha ein kort tilbakemelding eller rapport om tiltak som er gjennomførte i verneområdet.

Fylkesmannen si avgjerd på søknad om dispensasjon kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse, med ein frist på tre veker. Eventuell klage skal sendast til Fylkesmannen, som også kan gje nærare opplysingar om klagerett og rett til å sjå saksdokument. Om Fylkesmannen ikkje tek klagen til følgje vert saka sendt vidare til Miljødirektoratet for endeleg avgjerd.

## **5.6. Oppsyn i verneområdet**

Det er Statens naturoppsyn (SNO) avdeling Bergen som har ansvar for oppsyn i Nesvika naturreservat. Hovudoppgåva til naturoppsynet er å sørgje for at vernereglene for området blir følgde. I tillegg vil SNO til dømes bli orientert dersom det er gitt dispensasjonar frå verneforskrifta til gjennomføring av ulike tiltak inne i reservatet. Statens naturoppsyn har avgrensa politimynde etter dei sju miljølovene; friluftsløva, naturmangfaldlova, motorferdslelova, kulturminneløva, viltlova, lakse- og innlandsfiskeløva og delar av forureiningslova. I tillegg til kontrolloppgåvene etter desse lovene, skal oppsynet på oppdrag frå fylkesmannen drive rettleiing og informasjon, skilting, skjøtsel, tilrettelegging, registrering og dokumentasjon.

## 6. Litteratur

Bergen kommune. Nedlagte kommunale avfallsdeponier - Virksomhetsplan 2012-2016. 30 s.

Fylkesmannen i Hordaland, 1991. Utkast til verneplan for våtmark. 110s.

Jansson, U. (red) 2012. Naturtypekartlegging i 12 verneområder i Hordaland 2011 - sammenligninger med NiN-kartlegging. BioFokusrapport 2012-1. Stiftelsen BioFokus, Oslo.

Miljødirektoratet, 2014. Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter, Miljødirektoratet M106-2014.

Multiconsult, 2005. Miljøteknisk grunnundersøkelse og risikovurdering, Neset avfallsdeponi. Rapportnr - 610679 - 1. 47 s.

NNI, 2013. Unneland kulturlandskap, Bergen kommune. Vurdering av konsekvenser for naturmangfold knyttet til planlagte jordbrukstiltak i nordre deler av landskapet. NNI-Rapport 397.

NNI, 2014. Ferskvannøkologiske undersøkelser ved eldre bossdeponi grensende til Nesavika naturreservat, Haukelandsvann, Bergen kommune. NNI-Rapport 401

NVE. Vann-Nett Portal: vann-nett.no. (besøkt: 09.12.2014)

## 7. Vedlegg

### 7.1. Verneforskrift

# Forskrift om fredning av Nesvika naturreservat, Bergen kommune, Hordaland.

Fastsett ved kgl.res. 15. desember 1995 med heimel i lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 8, jfr. § 10 og § 21, § 22 og § 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

## I

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63, § 8 jfr. § 10, og §§ 21, 22 og 23, er eit våtmarksområde ved Haukeland i Bergen kommune, Hordaland fylke freda som naturreservat ved kgl. res. av 15. desember 1995 under namnet «Nesvika naturreservat».

## II

Det freda området femnar om følgjande gnr./bnr.: 90/5, 90/6, 90/8, 92/11, 92/48.

Reservatet dekkjer eit areal på omlag 120 dekar, der 48 dekar er landareal.

Grensene for reservatet er vist på kart i målestokk 1:5000, datert Miljøverndepartementet november 1995. Kartet og fredningsforskrifta er arkiverte i Bergen kommune, hos fylkesmannen i Hordaland, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

Dei nøyaktige grensene for reservatet skal merkast av i marka der dei går over land, og knekkpunkta bør koordinatfestast.

## III

Føremålet er å frede ein lokalitet med ein velutvikla vassvegetasjon, med trekk- og hekkefunksjon for dykk- og grasender.

## IV

For reservatet gjeld følgjande reglar:

1. All vegetasjon i vatn og på land er freda mot all form for skade og øydelegging. Nye planteartar må ikkje innførast.
2. Dyre- og fuglelivet, herunder reirplassar og hiområde er verna mot skade og øydelegging. Jakt, fangst, bruk av skytevåpen er forbode. Hundar skal haldast i band. Utsettjing av vilt er forbode.
3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre dei naturlege tilhøva, som t.d. oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, opplag av båtar, hensetting av campingvogner o.l., framføring av nye luftleidningar, jordkablar og kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering og anna form for turrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, ny utføring av kloakk eller anna tilførsle av konsentrerte

ureiningar, tømning av avfall, gjødsling og bruk av kjemiske middel. Opplistinga er ikkje uttømmende.

4. Camping, teltslåing og oppsetting av kamuflasjeinnretningar er forbode.
5. Motorisert ferdsel på land og vatn og lågtflyging under 300 m er forbode. Forbodet gjeld også bruk av modellbåtar og modellfly. Brettsegling er forbode.

## V

Reglane i kap. IV er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, rednings-, politi-, brannvern-, oppsyn-, skjøtsel- og forvaltningsverksemd.
2. Vedlikehald av grøfteavlaup som er lagt ned tidlegare, og som drenerer tilgrensande jord- og skogbruksarealer, etter at forvaltningsstyresmakta er varsla.
3. Vedlikehald av eksisterande kraftliner.
4. Drift av eksisterande fulldyrka og overflatedyrka areal, og vedlikehald av gjerde i samsvar med noverande bruk.
5. Naudsynt motorisert ferdsel i samband med aktivitetar nemnt i pkt. 1-4.
6. Beite som på vernetidspunktet.
7. Sanking av bær og matsopp.
8. Fiske.

## VII

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

1. Felling av vilt som er til vesentleg skade.
2. Legging av nye grøfter for drenering av tilgrensande areal.
3. Fjerning av vegetasjon som er vertsplanter for skadeorganismar i jordbruket.
4. Kontrollert uttynning/høgdereduksjon av kratt og varsom hogst av skog til eige bruk og som er til ulempe for jordbruket i tida f.o.m. 1. november til 1. mars.
5. Bygging av pumpehus, legging av leidningar for vatningsanlegg, opprensing av elveinnløp, setje opp gjerde m.m.
6. Rydding av vegetasjon m.m. i samsvar med godkjent forvaltningsplan, eller når føremålet med fredninga krev det.



## **VII**

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, kan gjennomføre skjøtselstiltak i samsvar med føremålet med fredninga. Det kan utarbeidast forvaltningsplan som skal innehalde retningsliner for gjennomføring av skjøtselstiltaka.

## **VIII**

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unnatak frå fredningsforskrifta når føremålet med fredninga tilseier det, for vitskapelege granskingar og arbeid som er av vesentleg verdi for samfunnet, og i andre særskilde høve når det ikkje strir imot føremålet med fredninga.


## **IX**

Forvaltninga av fredningsforskrifta er lagt til fylkesmannen i Hordaland.

## **X**

Denne forskrifta tek til å gjelde straks.

## 7.2. Naturtyper og arts mangfold (kart)



Figur 10: Kart som syner dei kartlagte naturtypene i Nesvika naturreservat. Kartlegginga er gjort av Biofokus i 2011.

## Alle fuglar som er observert i Nesvika og lagt inn i Artsobservasjonar

01.05.1995-30.05.2014

|                                 |  |                  |            |
|---------------------------------|--|------------------|------------|
| <b>ARTSLISTE -<br/>69 arter</b> | <i>Inkluder underarter, ubestemte og ikke spontane fugler.</i> |                  |            |
| Sangsvane                       | Enkeltbekkasin   | Gjerdsmett       | Spettmeis  |
| Sædgås                          | Rugde  | Rødstrupe        | Trekryper  |
| Brunnakke                       | Storspove  | Buskskvett       | Skjære     |
| Krikkand                        | Rødstilk   | Svarttrost       | Kornkråke  |
| Stokkand                        | Skogsnipe  | Gråtrost         | Kråke      |
| Stjertand                       | Fiskemåke  | Måltrost         | Ravn       |
| Toppand                         | Sildemåke  | Rødvingetrost    | Stær       |
| Bergand                         | Gråmåke  | Gresshoppesanger | Gråspurv   |
| Kvinand                         | Ringdue  | Sivsanger        | Bokfink    |
| Siland                          | Gjøk   | Munk             | Bjørkefink |
| Laksand                         | Hubro  | Gransanger       | Grønnfink  |
| Gråhegre                        | Dvergspett   | Løvsanger        | Grønnsisik |
| Hønsehauk                       | Sandsvale  | Fuglekonge       | Dompap     |
| Spurvehauk                      | Låvesvale  | Stjertmeis       | Gulspurv   |
| Dvergfalk                       | Taksvale   | Granmeis         | Sivspurv   |
| Sothøne                         | Heipiplerke  | Svartmeis        |            |
| Heilo                           | Linerle  | Blåmeis          |            |
| Vipe                            | Fossefall  | Kjøttmeis        |            |

### 7.3. § 47 i naturmangfaldlova

#### **Naturmangfaldlova § 47** (skjøtsel av verneområder)

I verneområder etter dette kapitlet kan forvaltningsmyndigheten foreta skjøtsel og grensemerking av verneområdet. Forvaltningsmyndigheten skal, hvis mulig, inngå avtale med grunneieren om at denne utfører nærmere bestemte skjøtselstiltak. Forvaltningsmyndigheten kan også inngå avtale med interesserte organisasjoner eller andre om at disse utfører slike skjøtselstiltak.

Som skjøtsel kan foretas tiltak for å opprettholde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er formålet med vernet, herunder tiltak for å kanalisere ferdsel, fjerning av vegetasjon eller fremmede treslag og restaurering etter naturinngrep. Skjøtselstiltak som innebærer høsting av naturlige ressurser eller en vesentlig endring i naturtilstanden slik den var da vernearbeidet tok til, jf. § 42 eller § 45 første ledd, kan ikke skje etter denne paragraf.

Berører skjøtselstiltak privat eiendom eller rettigheter i verneområdet, skal eieren eller rettighetshaveren så vidt mulig varsles på forhånd.

Økonomiske fordeler ved gjennomføring av skjøtselstiltak tilfaller grunneieren eller rettighetshaveren.

Beslutninger om å iverksette skjøtselstiltak etter første og andre ledd er ikke enkeltvedtak.

Utkast til plan for skjøtsel av verneområdet skal om mulig legges frem samtidig med at verneforskriften blir fastsatt.

### 7.4. § 48 i naturmangfaldlova

#### **Naturmangfaldlova § 48** (dispensasjon fra vernevedtak):

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

I avveiningen mellom øvrige vesentlige samfunnsinteresser og hensynet til verneområdet skal det særlig legges vekt på verneområdets betydning for det samlede nettverket av verneområder og om et tilsvarende verneområde kan etableres eller utvikles et annet sted. Tiltakshaveren kan pålegges å bære rimelige kostnader ved ivaretagelsen, opprettelsen eller utviklingen av et slikt tilsvarende område.

Trenger et tiltak tillatelse både etter verneforskriften og etter annet lovverk, kan tiltakshaver velge å søke om tillatelse parallelt. Vedtak skal i slike tilfeller først fattes etter verneforskriften, dersom ikke annet følger av verneforskriften eller forvaltningsmyndighetens samtykke.

Søknad om dispensasjon etter første ledd skal inneholde nødvendig dokumentasjon om tiltakets virkning på verneverdiene. I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvaltningsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette.



Fylkesmannen i Hordaland

Besøksadresse  
Kaigaten 9, 5020 Bergen

Postadresse  
Postboks 7310, 5020 Bergen

Telefon 55 57 20 00  
Telefaks: 55 57 21 02

E-post: [postmottak@fmho.no](mailto:postmottak@fmho.no)

Internett: [www.fylkesmannen.no/hordaland](http://www.fylkesmannen.no/hordaland)